

Dette dokumentet vart utforma før 1. gangshøyring av planen. Det gjerast merksam på at det kan ha vore gjort endringar i vurderingane etter høyring.

Innkome merknader til planprosessen - KDP Florelandet Brandsøy - 25.11.19

I høyringsperioden til planprogrammet kom det inn 7 offentlege innspel og 1 privat. I løpet av planprosessen har det kome ytterlegare 17 private. Tabellen viser innhald og administrasjonen si vurdering til desse.

Journalnr	Innspel frå	Dato	Innhald i merknad	Administrativ vurdering
5 18/1045 (29 17/763)	IvestConsult	25.10.2018	<p>Innspel på vegne av grunneigar Victor Hellesen Jr. Ynskjer ei endring frå LNF til Bustad på eignedomen 26/234. Argumentasjon for at områda skal omdisponerast er at områda ligg inntil eksisterande bustadfelt, utbygd infrastruktur, i nærleiken av skule, barnehage og kollektiv.</p> <p>Øvre del av eigendommen er lokalisert aust for etablerte bustadar i Mårkroken, på nedsida av etablert veg og vasstank, og nord for Torvmyrane skule. Har moglegheit for tilkomst frå fleire stadar via eksisterande vegnett, det er solrikt, og ligg i direkte tilknytning til eksisterande utbyggingsområde. Topografien på staden sikrar at etablering av bustadar i omsøkt område vil underordne seg landskapsformene, og såleis ikkje bryte med landskapsilhuettar eller gjeve vesentleg fjernverknad. Det at området ovanfor er bebygd med veg, vasstank og anna infrastruktur, gir etter vår vurdering, ei god grunngeving for at det bør vurderast fortetting til bustadformål i det aktuelle området.</p> <p>Vestre del av eigendommen er lokalisert mellom Refefaret og Orremyra i nord, og Kviteberget og Trollskogvegen i sør. Har moglegheit for tilkomst frå fleire stadar via eksisterande vegnett. Området er solrikt, og ligg i direkte tilknytning til dei etablerte bustadområda rundt.</p> <p>Det er frå grunneigar si side ynskje om at det i kommunedelplanen skal opne for utbygging i dette området der det gjennom detaljreguleringsplan for området kan vurderast etablering av bustadar (eiebustadar og/eller fleirmannsbustadar), med tilhøyrande tilkomst, fellesområde, leikeareal samt sikre areal til friluftslivformål og eksisterande tursti i området trase til framtidig gang- sykkelveg mellom bustadområde på Krokane og Fagerdalen, i tillegg til å kunne sjå på eventuelt</p>	<p>Innspelet vert delvis imøtekome.</p> <p>Områda aust for Bjørndalsvegen frå Torvmyrane skule og oppover vert bevart som naturområde. Her er og store VA rør frå høgdebasseng som vil kome i konflikt med ynskja feltutviding. Dette er spesielt aktuelt i området nemnt som område som vil underordne seg topografien. I overordna plan for fortetting vil ikkje områda ved Mårkroken falle inn i satsningsområda grunna den store høgdeskilnaden frå knutepunktet Krokane til Botnaholten. All bustadbygging i Botnaholten vil generere meir biltrafikk.</p> <p>Delar av området vest for Bjørndalsvegen er imøtekome og foreslått omgjort frå LNF til bustadformål (B14). Her er ein viktig turveg frå Krokane bevart, og området som er satt av til bustad. For at ikkje dei uheldige sidene ved ei slik utbygging skal blir for store må her stillast strenge krav til landskapstilpassing i detaljreguleringsplanen for området. Med dette vil ein legge opp til moderat bustadutvikling og nyetablering ved Torvmyrane skule. Feltet ligg</p>

			<p>framtidig behov for meir parkeringsareal i tilknytning til den populære turvegen frå Torvmyrane skule til Brandsøyåsen.</p> <p>Det at områda rundt er bebygd med bustadar, veg, og anna teknisk infrastruktur, samt nærheit til skule og barnehage m.m., gir etter vår vurdering, ei god grunngeving for at det bør vurderast fortetting til bustadformål i det aktuelle området.</p> <p>Det er er gjort søk i ulike databasar utan funn av registrert særskilde interesser, med unntak av registreringa i FRIDA der Botnaholten er del av det lokalt viktige friluftsområde for Brandsøyåsen. Området er ikkje i konflikt med aktsemdsområde for naturskade som skred og flaum.</p>	<p>innanfor fortetting Krokane si 10-minutters sone, men grunna høgdeskilnad vil det likevel vere grunn til å tru at bil vil vere det foretrukne framkomstmiddelet. Nærleik til stien til Krokane kan bidra til noko reduksjon.</p> <p>Bevaring av turstiar og friluftsområder er viktig for folkehelse og livskvalitet, og er med på å gjere byen attraktiv. Å kunne bu nær skog og mark er ein viktig kvalitet ved å bu i Botnaholten. Utbygging av alt tilgjengeleg areal vil forringe denne kvaliteten.</p>
7 18/1045	Kinn kyrkjekontor	26.10.2018	Meiner at alt tilgjengeleg areal i området må avsettast til gravplass.	Innspelet imøtekommast grunna dokumentert behov. Sjå eigen rapport på temaet.
8 18/1045	Furutun borettslag	01.11.2018	Ynskjer % BYA = 45 og 1 parkering per hustand lik nyleg regulert nabotomt.	Innspelet imøtekommast. Området ligg innanfor fortettingssone Krokane.
12 18/1045	Sunnfjord Bygg	18.12.2018	Krokevollen – Ynskjer at området endrast frå LNF til Bustad.	Innspelet imøtekommast. Området ligg i randsona av fortettingssone Krokane med godt utbygd infrastruktur for gåande og syklende med Fagerdalen som ein av traseane.
13 18/1045	Fanevik Tomteutbygging AS	21.12.2018	Gbnr. 23/314 ynskjust omregulert frå LNF til Bustad med 4-6 bueiningar. Ligg nær eksisterande bustadfelt og utbygd infrastruktur.	<p>Ligg ikkje innanfor fortettingssone, men har god infrastruktur for gåande og syklende.</p> <p>Imøtekommast ved at andre areal i nærleiken utan utbyggingsinteresse tilbakeførst til LNF frå førre kommunedelplan slik at ein har ei moderat utvikling i området.</p> <p>B21. Ikkje tilrådd i KU.</p>
30 18/1045	Florø hundeklubb	02.04.2019	LNF til idrettsanlegg. 24/10. Ynskjer å sette opp eit bygg til utstyr på ca. 20 kvm.	Imøtekommast på vilkår om at nytt bygg tilpassar seg eksisterande bygg arkitektonisk.

				Bruken av området i dag er i samsvar med ynskje om arealbruksendring.
33 18/1045	Kanalen Båthamn	15.05.2019	Ynskjer LNF til båthamn. Vil fjerne ein kolle og sette opp naust/utstyrslager.	Blir imøtekomt. KDP tek omsyn til at det er ynskje om ei vidareutvikling av småbåtanlegget.
37 18/1045	Cargill	15.05.2019	Unnateke offentlegheit	Innspelet er registrert og imøtekomme så langt ein kan på kommuneplannivå.
39 18/1045	Cargill	24.05.2019	Ynskjer at framtidig containerhamn skal flyttast til Gunhildvågen. Signaliserer interesse for å kunne bli kunde ved lokalt forbrenningsanlegg.	Plassering av containerhamn avgjerast i Hamneplanen. I KDP tilrettelegg ein for at det kan etablerast kaier.
41 18/1045	Norunn Økland	10.05.2019	LNF til bustad 18/5 Røysa. I nærhet av eksisterande bustadområde	<p>Området ligg sentralt til i Brandsøya nær sjøen. Det ligg fleire automatisk freda kulturminner på eigedomen og SEFRAK-registrert bygning som er meldepliktig i hht til Kulturminnelova.</p> <p>Det ligg fleire uutbygde reguleringsplanar og område avsatt til bustadformål i Brandsøy. Desse behaldast trass i at det ikkje er eit stort behov for meir areal til bustad i løpet av dei neste ti åra grunna at det for tida foregår ei utviding av barneskulen. Skulle behovet for fleire bustader bli større i framtida kan dette området vurderast med tanke på eit område med høg utnytting dersom vektinga er slik at dette er viktigare enn bevaring av matjord og landbruksareal.</p> <p>Imøtekommast ikkje.</p>
48 18/1045	John Sigurd Solberg	17.06.2019	Ynskjer brygge og naust. Ynskjer også eit bustadhus på 27/425	Eigedomen ligg nært inntil eit større felt med naust. Alle tomtene her er ikkje utbygde. Feltet utvidast noko mot vest slik at det vil vere mogleg å etablere naust her. Eigedomen 27/425 ligg svært nær kystlinja i området som blir avsatt til friområde. Eit bustadhus her vil ikkje

				berre hindre allmenn ferdsel, men også forringe kvaliteten til bakanforliggende hus. Det er også slik at dette vil vere i bustadområde merka B4 innanfor gul støysonen frå flyplassen. Det kompliserer mogleg utbygging i det heile.
49 18/1045	Vidar Helle	07.07.2018	<p>Gjeld eigedomane 24/30, 24/56, 24/357, 24/361:Ynskjer all LNF om til bustad. Dette gjeld ein mindre del av området. Ynskjer ei høgare utnytting då han vil utvikle eigedomane og vegtilkomsten.</p> <p>Grunneigar ynskjer også at LNF på holmen med GBNR 26/29 vert omgjort. Det framkjem ikkje av innspelet til kva, men argumenter med at dette ligg i bustad og industriområde.</p>	<p>Innspelet imøtekommast. Eigedomane ligg i eit område som vil ha godt av ei opprusting nær knutepunktet Krokane, og også med relativt kort veg til Florø sentrum Det er gang og sykkelveg frå området i alle retningar. Det er ynskjeleg å fortette her, og samstundes forbedre infratraktur og felles uteopphaldsareal. Det leggst opp til høg utnytting i føresegnene, men det vil krevjast ei felles regulering av desse eigedomane sett i samanheng med andre nærliggande eiendommar. Dette gjev også fleire moglegheiter med tanke på å løyse problematikk kring adkomst.</p> <p>Holmen det er snakk om ligg fint til mellom industri og bustad, og vil i så måte vere eit lite bidrag i ein buffersone mellom desse. Imøtekommast ikkje.</p>
50 18/1045	Herborg Melvær	15.08.2019	<p>Ynskjer å behalde garden 24/1 som LNF, og viser til at marka blir slått og at det beiter sauer.</p> <p>Ynskjer også at 24/572 tilbakeførast til LNF då behovet for utviding av campingplass ikkje er til stades.</p>	<p>Garden var i utgangspunktet planlagt som areal avsett til hestesportsenter. Då tidspunktet for når dette vil bli aktuelt ikkje er klart, eller om det vil bli aktuelt i det heile, imøtekommast innspelet. Også innspel om tilbakeføring til LNF imøtekommast.</p>
52 18/1045	Nicolas Iannone	04.09.2019	Gjeld eigedomane 28/1007 og 28/1008. Viser til tidlegare gjeven dispensasjon for oppføring av naust og ber om arealbruksendring	Innspelet imøtekommast.

53 18/1045	Morten Mortensen	11.09.2019	<p>Ynskjer å redusere areal avsett til industri på eigedomen. Ynskjer moglegheit til å etablere bustader i nordleg del, men har seinare muntleg gjeve uttrykk for at dette ikkje gjeld for denne planperioden. Argumentasjon for å redusere areal er at det har vore lite interesse for etablering av industri her, og at det er avtalar mellom Cargill og Ullaland som er dei som har vist interesse. Viser til utvikling kor Botnastranda prioriterast, og at det er slik at det er ynskjeleg med buffer mellom industri og bustad.</p> <p>Oppsummering frå innspelet: -Reduksjon av industriarealet mot sør og evt fjerning av industriarealet mot øst. -Etablering av en "buffersone" mellom industriarealet og smørvågen. -Etablering av boligområde i eiendommens nordlige del."</p>	<p>Industriareal i sør kor det i dag er avtalar og nokre planar settast av til industriareal vidare. Flateneset tilbakeførast til LNF, og ein beheld slik topografi og vegestasjon som er ein buffer mot Smørvågen. Arealet i aust blir delvis satt av som naturområde, og delvis for etablering av hestesportsenter. Slik vil nytt industriareal kunne frigjevast på Botnastranda ved interesse for etablering av industri der.</p> <p>Då det ikkje er konkrete planar om bustadbygging i nordlege del no, vil det heller ikkje gjerast ei utgreiing av dette i samband med denne planen.</p>
57 18/1045	Trygve Ullaland på vegne av Leif Belsvik og Sonja Solstrand	17.09.2019	Mindre utviding av industriarealet er ynskja. I tillegg vil ein ha auka mønehøgde til 15 meter. Gjeld eigedomane 27/1237-124 og 27/1105.	Innspelet imøtekommast.
59 18/1045	Jan Helge Espeseth	27.09.2019	Ynskjer at oppført naust på dispensasjon får endra arealformål.	Innspelet imøtekommast då det allereie er der. Det ligg dog VA i grunnen, noko som vil gje problem ved eventuell utbetring her.
62 18/1045	Cargill	15.10.2019	Unnateke offentlegheit	Innspelet imøtekommast.
Innspel i førre runde (planprogrammet)				
31 17/763	Ivest Consult på vegne av Ole Brandsøy	15.05.2018	Gjeld eigedomane 18/10 og 211 i Brandsøy. Ynskjer LNF til Bustad. Ynskjer naust ved sjøen. Dette området ligg ved siden av næringsareal.	Etter administrasjonen si vurdering er det nok areal avsett til bustad i Brandsøy og Florø, og det er difor heller ingen grunn til å redusere LNF, og den kvaliteten dette i dag gjev til Brandsøybuarane.

				Det er i dag mange naust i Brandsøysundet, og ynsket om å også etablere naust her imøtekommast.
7 17/763	Fiskeridirektoratet	23.05.2017	<p>Fiskeridir. krev konsekvensutgreiing etter Forskrift om konsekvensutredninger for planer etter PBL. Det er naudsynt med ei utgreiing for vurd. av konsekvensane ved eventuell sprenging /utfylling av masse i sjø. Konsekvensane for fiskeri, marint biologisk mangfald og havbruk må utgreiast. Gjeld</p> <ul style="list-style-type: none"> - vegutbygging frå Havhesten/Kanalen/Båtevika. - evt sprenging /utviding av masse i sjø ved Flora lufthamn - ved ei evt endring av næringsområder i Flora. <p>"Dersom vi finn at planen ikkje tek tilstrekkeleg vare på sektorinteressene Fiskeridirektoratet forvaltar, kan vi fremme motsegn til planen.</p> <p>Dei naturgjevne tilhøva og marine ressursane langs kysten av Norge - eit unikt fortrinn for produksjon av sjømat. fiskeri- og havbruksnæringa er avh. av dei marine ressursane, at dei vert forvalta på ein måte som gjev grunnlag for å oppretthalde og auke produksjon. Under "Nasjonalt program for kartlegging og overvåking av biologisk mangfold" driv Havforskningsinstituttet, NIVA og NGU kartlegging og verdiklassifisering av spesielle marine naturtypar og nøkkelområde for spesielle arter og bestandar i kystsona. Kartlegginga gjev god kunnskap om naturtyper i arealplanlegging..</p> <p>Marine naturtypar og nøkkelområde vert delt inn i følgjande verdiklassar: A: Svært viktig/nasjonalt viktig B: Viktig/regionalt viktig C: Lokalt viktig</p> <p>Gyte- og oppvekstområde for kysttorsk Fiskeridir. driv kartlegging- intervju med lokalkjende kystfiskarar. Havforskningsinstituttet nyttar Fiskeridirektoratet sin data som grunnlag for verifisering av gyteområde for kysttorsk - viktig for økosystema langs kysten, grunnlag for ein stor del av kystfiskeria. Det har vore nedgang i bestandane av kysttorsk gjennom fleire år, og situasjonen gjev framleis grunn til uro i følge havforskarane.- Ålegras er botnhabitat og har stor verdi som leve- og beiteområde for ei rekkje artar, og er t.d. oppvekstområde for kysttorsk. Ålegraset er blant dei utvalde naturtypene i nasjonal kartlegging av biologisk mangfald, og er eit av dei biologiske kvalitetselementa i Vassforskrifta. Samstundes er ålegras ein trua naturtype idet utbygging og tiltak i kystsona ofte kjem i konflikt med ålegrasområda. Fortrinnsvis bør alle gyteområde, ålegrasenger og område kor det er registrert levande marine ressursar som er klassifisert som nasjonalt eller regionalt viktige (A- og B-områda), sikrast mot tiltak som vil medføre høg grad av risiko for øydelegging/skade.</p> <ul style="list-style-type: none"> - ny vegforbindelse fv 545-548, her har Fiskeridirektoratet i kystnære fiskeridata reg. eit gyteområde: Langholmen-Kanalen-Geitholmen - eit gytefelt for lokal silde- og torskstamme. Vegutbygging med evt. utfylling av masse i sjø må utgreiast. Ved Båtevika er det reg. ålegrasenger - viktige oppvekstområde for yngel. - må vurderast 	<p>Det krevast reguleringsplan med KU ved evt utfylling i sjø i Gunhildvågen.</p> <p>Veg frå Havhesten til Båtevika er lagt opp til å bli ein gong- og sykkelveg med eit mindre terrenginngrep på land kor ein vil unngå fylling i sjø. Dersom det likevel skulle bli aktuelt med ei mindre utfylling i sjø, eller nedsetting av påler til t.d. bru, støtte for ein konstruksjon, vil det i ein detaljreguleringsprosess vil det om behov for KU.</p> <p>Gytefelt og ålegrasenger er lagt inn som omsynsoner i KDP. Det er ikkje planlagt tiltak i desse sonene.</p>

			<p>i kva grad dette kan gjerast utan å føre til skade på ålegrasenger. Tid for gjennomføring av prosjektet vil mellom anna spele inn her, der ein må unngå sprenging av grunn/masse og utfylling i gytetida februar – april.</p> <ul style="list-style-type: none"> - utviding av Flora lufthamn så må det utgreiast nærare kva konsekvensar dette kan få for området avsett til akvakultur sosi 6400, (A15) lokalitet Veiesundet (laks, regnbogeaure og aure) innehavar Steinvik Fiskefarm AS. Vidare har Havforskningsinstituttet registrert eit regionalt viktig gytetfelt for torsk, Botnafjorden. Dette feltet strekker seg inn i Auseholet ved Ausa, der ei lenging av rullebana truleg vil kome dersom denne skal fyllast ut i sjø. Fiskeridirektoratet deltek gjerne i møter for vidare planlegging, i tillegg vil vi oppmode kommunen til å ta kontakt med Steinvik Fiskefarm AS og invitere dei med i planprosessen. - planar for næringsområde i kommunedelplanen viser vi til at det er 3 akvakulturverksemder på nordsida, slakteriet, med ventemerder i sjø, og to landbaserte anlegg lenger aust. Næringsområda dei ligg i (både på sjø og land) må best mogleg vere tilpassa desse verksemdene. <p>Fiskeridirektoratet region Vest viser til vårt krav om at det blir utført konsekvensutgreiing i høve kommunedelplanen. Det er viktig at det blir teke omsyn til gytetfelt og oppvekstområde for fisk, samt tilhøve for havbruksnæringa i det vidare planarbeidet.</p>	
8 17/763	Statens vegvesen	23.05.2017	<p>Når det gjeld fortetting av eksisterande bustadområde; viktig at planen seie noko om kva type fortetting ein ynskjer - sjå på tilførselsveggar og kapasiteten på desse og kryss utpå fylkes og riksvegane. Dersom ein ser at ein treng gjere tiltak for å auke kapasiteten må dette leggest inn som krav i ei utbygging som rekkefølgekrav.</p> <ul style="list-style-type: none"> - positive til å flytte hestesportsenteret som i dag ligg Botnastranda. Tilkomst for brukarane vil vere mykje tryggare og det vil vere gode mogelegheiter å nå anlegget til fots og på sykkel. Dette er i tråd med målsettingane til sykkelby Florø og elles nasjonale mål om å auke sykkelbruken. - veg til Florø lufthamn er i dag god. Men krysset frå rv. 5 Markegata, «Viktoriakrysset», bør omtalast som ein mogeleg flaskehals. Tilstreккеleg med parkering må og sikrast. - ny samanbindingsveg mellom Havhesten og Kinnvegen er pr. i dag å sjå på som eit kommunalt prosjekt. Vegen skal gje ein alt tilkomst til flyplassen og Havreneset. Dersom det i dag er stengt veg i sentrum, har ein ikkje omkøyringsmoglegeheiter. - kommunedelplanen ha fokus på gåande og syklande. Florø er ein sykkelby bør gjenspeilast i planen. 	<p>Det er avsatt areal til hestesportsenter i Gunhildvågen nær busstopp og med gang og sykkelveg langs Havrenesvegen og Kinnvegen. Stall og utandørs ridebane vil ligge med adkomst frå Vågavegen, og ein må syte for trygg tilkomst for mjuke trafikantar herifra. Ridehall vil ligge med tilkomst frå Gunhildvågen. Her er kan det etablerast eigen parkeringsplass, eller ein kan nytte eventuell parkering i tilknytning industriområdet i samband med stemner og større arrangement.</p> <p>Ved Florø Lufthamn er det satt av areal til parkering i henhold til det Avinor ber om. Då utgreiinga omkring kva slags utviding som er ynskja ennå ikkje er avklart vil det heller ikkje takast høgde for dette i denne planen, men ein vil måtte rullere på nytt når konkrete planar ligg føre.</p>

				Ein har gjort eit val om å binde saman Havhesten og Båtevika kun med sykkelveg. Vidare eigen sykkeltrase frå Båtevika til Vangsvegen. Dette vil vere ei viktig brikke i å knyte byen saman på ein betre måte som vil stimulere til auka bruka av sykkel, og som også vil tillate bruk av transportsykkel og elsyklar som har ei høgare fart enn vanleg.
10 17/763	Sogn og Fjordane fylkeskommune	29.05.2017	<p>- støttar grepet med å gå gjennom areal som er lagt ut i gjeldande plan, som det i planperioden ikkje er vist int for, sjå på å ta dei ut.</p> <p>- ved fortetting vil vi vere særskilt opptekne av born- og unge sine oppvekstvilkår, UUog blå-grøne strukturar.</p> <p>Plan og bygningslova sine krav er etter vårt syn eit minimumskrav som sikrar medverknad, men ikkje nødvendigvis sikrar god medverknad. Vi meiner det er for lite forpliktande med ei formulering om at « ... behov for informasjonsmøter og arbeidsmøter vil bli vurdert fortløpande i prosessen ». Framdriftsplanen set heller ikkje opp konkrete hendingar. I pbl § 4-1 om planprogram, 2. ledd står det at «planprogrammet skal gjøre rede for , opplegget for medvirkning, spesielt i forhold til grupper som antas å bli særlig berørt ». Når vi då veit at tema som skal ha særskilt fokus er fortetting av bustadområde, arkitektur og bukvalitet i bustadområda, bør det i planprogrammet vere beskrive korleis ein legg opp til medverknad i desse tema.</p> <p>KULTURMINNEFAGLEG</p> <p>Det er ein særskild konsentrasjon av automatisk freda kulturminne i Brandsøysundområdet i form av steinalderbustader /aktivitetsområde, gravrøyser, helleristningar - høgt utbyggingspress. Sogn og Fjordane fylkeskommune er oppteken av å ta vare på dei kulturminnelokalitetane som ligg i Brandsøya og som alle har nasjonal verdi. Felles for desse kulturminna er og at dei ligg strandnært. Det er sett i gang arbeid for å skilte kulturminna i Brandsøy; eitt av målsettingane i Handlingsplanen for kulturminne i Flora kommune.</p> <p>Når det gjeld det vidare arbeidet med konsekvensarbeidet er det viktig at og Handlingsplanen for kulturminne i Flora kommune vert ført opp som grunnlagsmateriale. Kulturminneplanen i samband med arealdelen og fokuset på sjøhusmiljøet må og komme med som grunnlagsmateriale. Vi merkar oss elles at Askeladden, SEFRAK-kartlegginga og kartlegginga av krigsminner er med. Ver merksam på at langt nær alle bygningar eldre enn 1900 er SEFRAK-registrert.</p>	<p>Etter at ein har gjort ei heilskapleg analyse av fortettingsområde og anna utvikling har nokre areal vorte tilbakeført til LNF i denne planen. Då svært mange reguleringsplaner vert oppheva, har område avsatt til friområde vorte plukka opp og tatt med vidare som eige arealformål innanfor bustadfelt. Føresegner for større reguleringsplaner innanfor eksisterande struktur legg krav til at det skal utarbeidast gode uteoppfallsareal innanfor felt. Det har også kome fram gjennom medverknadsprosjekt at den kvaliteten som verdsettast høgast av alle grupper er nærleiken til naturen. Kommunedelplanen sikrar difor at areal i Storeåsen og Brandsøyåsen vernast for utbygging, og at vi har eit godt turstinett med universell utforming der det er mogeleg.</p> <p>Automatisk freda kulturminne er lagt inn som omsynssoner i plankart. Det vil ikkje bli lagt til meir bustadareal i Brandsøy enn det som allereie er satt av i reguleringsplaner og i forrige plan. Arealbruken på bustadfelt her er ikkje reversert sjølv om Brandsøy fell utanfor det ein kan kalle for eit knutepunkt med fortettingsatsning, då Brandsøy skule for tida er under utviding.</p>

			<p>Bygningar bygd etter 1900 (ikkje med i SEFRAK) kan og ha høg arkitektonisk- og kulturfagleg verdi.</p> <p>Vi har ikkje nok grunnlagsmateriale til å kunne vurdere om dei føreslegne arealdisponeringane råkar automatisk freda kulturminne eller ikkje. Vi presiserer derfor at vi ikkje kan seie oss samd i arealbruken, jf. lov om kulturminne § 8, fjerde ledd. Dette inneber at kommunedelplanen ikkje har direkte rettsverknad før det er avklart om dei ulike byggeområda råkar automatisk freda kulturminne eller ikkje. Arealbruken vert først avklart på reguleringsplannivå.</p>	
11 17/763	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	31.05.2017	<p>-Det er eit lovkrav at kommunen skal gå gjennom dei eldre planane, og vurdere om innhaldet er i samsvar med nasjonale og regionale interesser. Det er i utgangspunktet tilstrekkeleg at kommunen gjer ei overordna vurdering av planane som skal vidareførast med omsynssone 910, opp mot nasjonale og regionale rammer og mål.</p> <p>-Vest/nordvest for flyplassen er det eit gammalt deponi (Gunhildvågen fyllplass) og eit brannøvingsfelt som begge er registrert med ureina grunn</p> <p>Støy vil òg vera ei problemstilling rundt flyplassen viss aktiviteten aukar, eller type fly vert endra, slik de held fram i tabellen over utgreiingstema. Støy kan elles vera ei problemstilling dersom ein ønskjer å byggja endå nærare eksisterande industri eller etablerer ny, støyande aktivitet på nye næringsområde. Me er kjende med klager på støy og lukt ved Gunhildvågen. Me minner om retningsline for handsaming av støy i arealplanlegging (T-1442), og at kommunen har ansvar for å sikre tilfredsstillande støytilhøve i si arealplanlegging etter plan- og bygningslova. Me føreset elles at de ved planar om fortetting av bustader, i tillegg til å vurdere ureining og støy, vurderer om det er naudsynt kapasitet på avløpsnett og reinseanlegg. Me stiller elles spørsmål om det er tilstrekkeleg å berre nytta eksisterande støy- og luftureiningsrapportar, eller om de bør gjera nye undersøkingar.</p> <p>Positivt at de vil ha fokus på arkitektur og bukvalitet, då fysiske omgivnadar òg kan spela ei viktig rolle for helsa. - sikra universell utforming og gode lystilhøve. Ved fortetting av eksisterande bustadområde; viktig at det samstundes vert lagt stor vekt på å ivareta og vidareutvikla ein god og samanhengande grønstruktur. Ein føresetnad for god helse er moglegheit for å vera fysisk aktiv. Godt tilrettelagde, og lett tilgjengelege, turområde kan vera eit godt lågterskeltilbod for å sikra fysisk aktivitet. Ulike turområde med ulike kvalitetar, slik at nokre område er tilpassa personar med nedsett mobilitet, medan nokre turområde er meir krevjande og tilpassa personar som treng fysiske utfordringar, kan vera føremålstenleg om ein ynskjer ei brei</p>	<p>Buffersone i Gunhildvågen mellom industri og bustad er utvida. Støy og lukt er eit velkjent faktum, og det har ikkje vore gjort nye støyanalyser. Ved bustadområde nær Westcon nyttast støyanalyse frå 2014 som grunnlag for avgrensing av fortettingsområde.</p> <p>Brannøvingsfeltet ved flyplassen er satt av til Lufthamn i ny kommunedelplan. Naudsynte tiltak vil krevjast ved utbygging av fleire hangarer her. Det må utarbeidast ny reguleringsplan her.</p> <p>Friområde og naturområde med turstinnettverk har vore ein prioritert å sikre mot tiltak. Ny infrastruktur for gåande og syklende er lagt inn i planen. Videreutvikling av vegnett på Krokane, og sykkelveg frå Havhesten er prioriteringsområde.</p> <p>Hestesport vil ikkje lengre flyttast til Melvær gård, og jordbruksareal på Solheim og i Brandsøy vil sikrast.</p> <p>Høg utnytting av og arealrasjonering er tatt til følgje og er tilpassa den realiteten vi lever i no med fleire ledige eldre boliger og moderat befolkningsauke, eller alternativt nedgang i</p>

		<p>deltaking. Det kan og vera lurt at de tenkjer at dei ulike områda kan ha ulik utforming, til dømes at områda har ulikt dekke, og vera spreidde over heile planområdet. Det er viktig at de tenkjer på snarveggar og annan tilrettelegging for mjuke trafikantar, for å auka gonge og sykling som framkomstmetode. De bør vurderer å leggja FRIDA og eventuelle temakart til grunn for vurdering av konsekvensar for friluftsliv og rekreasjon, i tillegg til lokalkunnskap og etablerte turstignett. Under barn og unge vil de leggja til grunn statistikk, trafikksikringsplan og kommunedelplanen for sykkel. I nytt framlegg til planprogram held de fram konsekvensar for leikeområde og skuleveg og vil leggja oversikt over skular, barnehagar, sykkelveggar og KDP for sykkel til grunn. Me rår til at de inkluderer område for leik og rekreasjon i kunnskapsgrunnlaget. I og med at planarbeidet skal handsamast etter KU-forskrifta, med utarbeiding av konsekvensutgreiing vil me no i samband med oppstartvarselet ikkje gå nærare inn på andre problemstillingar og potensielle konflikthar knytt til våre ansvarsområde. Me vil ta nærare stilling til arealdisponeringa i samband med planframlegget med konsekvensutgreiing.</p> <p>Planområdet omfattar jordbruksareal i form av dyrka jord og beitemark, og mellom anna vil planane om å flytta hestesportssenteret føra til nedbygging av areal med fulldyrka jord. Sjølv om jordbruksareala innanfor planområdet er fragmenterte og delvis innebygde, so kan slike areal framleis ha verdi både til reine jordbruksføremål og som viktige grøntområde nær sentrum. Dei mest samanhengande jordbruksareala er i dag lokalisert i området kring den gamle planteskulen i Brandsøy, og her rår me til at ein unngår omdisponering og nedbygging. Som sektorstyresmakt for landbruk har Fylkesmannen eit særleg ansvar for å sjå til at kommunane tek vare på dei mest verdifulle jordbruksareala, men samtidig skal me vega jordvernet mot andre viktige samfunnsinteresser, som bustadbygging, næringsutvikling og samferdsletiltak. I samband med tettstadutbygging som i denne planen, bør det leggjast vekt på fortetting, høg arealutnytting og fastsetjing av naturlege grenser mellom utbyggingsareal og dei meir samanhengande jordbruksområda. Om det i arbeidet med kommunedelplanen vert føreslege å ta i bruk dyrka jord til utbyggingsføremål, ber me om at det vert dokumentert at også andre alternativ er vurderte. Me merkar oss som positivt at fortetting av eksisterande bustadeområde er eit av dei tema som skal ha ekstra fokus i planarbeidet. Høg utnytting og arealrasjonering bør også vera tema når andre utbyggingsføremål (t.d. næringsområde) vert vurdert i planarbeidet.</p> <p>Natur og miljø Når det gjeld naturmangfaldlova må det i konsekvensutgreiinga vurderast om kunnskapsgrunnlaget er godt nok for kvart delområde, eller om føre-var-</p>	<p>befolkninga i åra som kjem. Fortetting vil skje innanfor gangavstand frå identifiserte knutepunkt.</p> <p>Det er satt av eit nytt bustadfelt i strandsona på Solheim. Dette er eit mindre utbyggingsfelt heva over sjøen. Tilgang til utsiktspunkt og bevaring av vegetasjon og topografi ligg inne i føresegner. Nye naustområde er lagt tilstøtande allereie eksisterande småbåtanlegg. Næringsverksemdar langs sjøen er allereie eksisterande og desse vil kunne vidareutviklast.</p>
--	--	--	---

		<p>prinsippet i naturmangfaldslova § 9 slår inn. For område der det er grunn til å tru at planlagt tiltak kan ha negative konsekvensar for naturmangfald, må ei grundigare vurdering etter §§ 8-12 (og eventuelt andre §§ i kap I og II) gjerast for kvart delområde. Generelt er føreliggande kunnskap tilstrekkeleg på dette plannivået, men ny kunnskap kan vera nødvendig å innhente der det manglar data om viktige forhold, slik at grunnlaget for å fatte planvedtak er svakt (sjå m.a. rettleiar T-1514 Naturmangfoldloven kapittel II). Viss det er fare for negative verknader for naturmangfaldet i eit område, bør dette som ein hovudregel avklarast nærare i arbeidet med kommuneplanen og ikkje utsetjast til reguleringsplan. Viss kommunen ikkje har god nok kunnskap no, kan føre-var-prinsippet (nml. § 9) tilseia at byggjeområdet ikkje skal leggjast inn i planen. Slike vurderingar må synleggjerast i planomtalen/konsekvensutgreiinga, sidan det vil vera eit viktig grunnlag for høyringsinstansar og andre som skal ta stilling til arealbruken. Vurderingane skal vera mogeleg å etterprøva for høyringsinstansar og andre, og dei skal også leggjast til grunn for vurderingane av om delområde bør leggjast inn i planen - eventuelt med avbøtande tiltak for å dempa negative verknader for naturmangfald. Under samla vurdering av konsekvensane av planen er òg naturmangfaldlova kapittel II sentral (jf. m.a. § 10 om samla belastning). Som grunnlagsmateriale for vurdering av fylgjer for naturmangfald nemner de ulike kjelder i den nye tabellen over utgreiingstema, som ikkje er med i det planprogrammet som vart sendt på høyring. Tabell i nytt framlegg til planprogram har ei betre oppbygging. Me rår jamvel til at de legg inn (att) Artskart EDNA som del av kunnskapsgrunnlaget for miljø. I EDNA ligg det mellom anna informasjon om geomorfologiske naturverdiar. Me syner i tillegg til stortingsmeldinga om Natur for livet – norsk handlingplan for naturmangfold (Meld. St. 14 (2015-2016)), som vart lagt fram av klima- og miljødepartementet i desember 2015. I denne stortingsmeldinga er det m.a. eit eige kapittel om arealplanlegging som verkemiddel for å ivareta naturmangfald. Dette er eit viktig grunnlagsdokument for alt kommuneplanarbeid, og bør innarbeidast i planprogrammet. Under punkt om landskap (i nytt planprogram) held de fram at de vil sjå korleis utbygginga passar inn i landskapet i området. Me meiner de bør vurdere ny arealbruk sine verknader på landskapsbilete i seg sjølv, i tillegg til om utbygginga passar.</p> <p>Strandsoneforvaltning Viss det skal opnast for bygging av t.d. bustader og næringsverksemdar i strandsona, er det gjennom ei heilskapsplanlegging i overordna plan at ein kan velja ut prioriterte område for utbygging. Me føreset at kommunen er restriktive med å opna for nye byggjeområde i frå før meir eller mindre ubygde strandområde. Me vil òg peika på at det må fastsetjast ei byggjegrænse mot sjøen i</p>	
--	--	--	--

			<p>alle område der det vert opna for utbygging, for at byggjeforbodet i pbl. § 1-8 skal bli oppheva. I planar som berre syner arealbruk til byggjeføremål, vil byggjeforbodet i 100-metersbeltet framleis gjelde inntil ei anna byggjegrense vert fastsett t.d. gjennom reguleringsplan. Ei byggjegrense nærare sjøen enn 100 meter kan berre setjast etter ei konkret vurdering av verknadane for dei allmenne interessene i strandsona, som landskap, naturmiljø og friluftsliv.</p> <p>I den grad det skal flyttast på eller leggjast ut nye næringsareal, oppmodar me om at det ved val og prioriteringar vert lagt vekt på omsynet til m.a. naturmiljø, nærmiljø og landskapsverdiar</p> <p>Når det gjeld utbyggingsstrategiar for bustader vil me generelt peika på at ny utbygging i størst mogleg grad bør lokaliserast til eksisterande grender og tettstader, slik de tenkjer gjera gjennom å leggja til rette for fortetting. Dette vil òg kunna redusera bruken av privatbil, (jf. Statlege planretningslinjer for samordna busta-, areal- og transportplanlegging). Ved planlegging av kommunestruktur og busetnadsmønster vil det òg vera viktig å leggja vekt på tilgang til gang- og sykkelveg og trygg skuleveg. Ved val av utbyggingsstrategi bør det òg leggjast vekt på å finna løysingar som vil kunne redusera bruken av privatbil.</p> <p>Planlegginga skal som kjent ikkje berre vera avgrensa til areal- og ressursforvaltning, men òg omfatta mellom anna miljøfaktorar. Eit viktig mål med planlegginga etter plan- og bygningslova vil såleis vera å unngå arealdisponeringar som inneber samlokaliseringkonfliktar.</p>	
12 17/763	NVE	29.05.2017	<p>Vatna i planområdet, Litlevatnet, Storevatnet og Svartevatnet er viktige element i den overordna grønstrukturen. NVE legg til grunn at Flora kommune tek vare på desse vassressursane, og at det ikkje vert gjort inngrep som råkar dei ålmenne interessene i dei. Det bør leggjast vekt på å legge til rette for ålmenn tilgang til vatna samstundes som naturverdiane i størst mogeleg grad vert tekne vare på. Vi syner til vassressurslova §11 om kantvegetasjon.</p>	Svartevatnet er innanfor planområdet, og vert ivareteke som blågrønstruktur med friområde rundt
13 17/763	Kystverket	01.06.2017	<p>Kystverket ber om at dei følgjande merknader vert tatt med i det vidare arbeidet med kommunedelplanen. Hovud- og bilei Det er innanfor planområdet registrert ei hovudlei (1116 – Florø) og to bileier (2329 – Ausesundet og 2331 – Gunnhildsvågen). Kystverket har gjennomført omfattande utdjuingar og merking både i hovudleia og i</p>	Det vil bli teke stilling til utfylling av Ausesundet ved ny rullering av planen dersom flyplassen bli lagt og utvida her.

			<p>bilei 2331 inn mot Gunnhildsvågen. I forslaget til Nasjonal Transportplan (2018-2029) ligg det inne ytterlegare utdjuing i hovudlei inn mot Westcon hamn. Kystverket ber om at kommunen tek høgde for skipsleier i kommunedelplanen. Utviding av Florø lufthamn i samband med dette vart det mellom anna peika på behovet for utfylling av Ausesundet. Det går i dag bilei gjennom dette sundet inn mot Gunnhildsvågen. Sjølv om hovudtrafikken kjem inn gjennom Måsholmsundet, er Ausesundet mykje nytta av passasjer- og hurtigbåtar. Kystverket ber om at kommunen vurderer moglegheiten for ei alternativ lei frå sør inn mot Gunnhildsvågen. Furesundet er eit alternativ, men dette vil sannsynlegvis krevje utdjuing og nymerking. Me ber om at Kystverket vert involvert på eit tidleg tidspunkt i dette arbeidet dersom det vert aktuelt.</p>	
15 17/763	Avinor		<p>Avinor ber om at området avsatt til brannøvingsfelt i førre kommunedelplan vert avsatt til lufthavnformål i ny plan då det kan bli aktuelt med ei ny taksebane mot vest i framtida. Ein ser føre seg at noko av grøntarealet vest for dette også vil bli berørt. Behovet for etablering av nye helikopterhangarar og intervegar er også iverateke.</p> <p>Utrykningsveg (PV2) i eldre reguleringsplan ligg innanfor Lufthavnsføremål. Må vere stengt for allmenn ferdsel med køyretyg. Må vere operativ til ei kvar tid</p> <p>Restriksjonskart og byggerestriksjonskart (BRA-kart) for Florø lufthamn - H190 andre sikringssoner</p> <p>Høyderestriksjon rundt rullebane – ENFL-P-08</p> <p>-Høyderestriksjonene rundt rullebanen i henhold til restriksjonsplanen for lufthavnen, hjemlet i kap. 10 og 11 i Forskrift om utforming av store flyplasser 2 BSL E 3-2, vedtatt 06.07.2006.</p> <p>Byggerestriksjonskrav for flynavigasjonsanlegg ENFL-P-09</p> <p>Byggerestriksjoner rundt flynavigasjonsanleggene i henhold til BRA-kartet, hjemlet i § 6 i Forskrift om kommunikasjons-, navigasjons- og overvåkingstjeneste BSL G 6-1, vedtatt 27.06.2011.</p> <p>Tekst foreslått for føresegner: "Andre sikringssoner, høyderestriksjoner/byggerestriksjoner omkring Florø lufthamn (H190)</p> <p>Innenfor hensynssone H190_1 gjelder de høyderestriksjoner som er angitt med koter (sorte streksymboler) på gjeldende restriksjonsplan for Florø lufthamn, Avinors</p>	Alle innspel er teke omsyn til og implementert i planen.

		<p>tegning ENFL-P-08. For områder beliggende mellom de viste koter, skal høyderestriksjonen beregnes gjennom interpolasjon. Innenfor hensynssonen kan det ikke etableres hinder (bygninger, vegetasjon, anlegg eller andre innretninger) som overstiger høyderestriksjonene som angitt på plankartet. Vegetasjon skal holdes under hinderflatene, og nødvendig fjerning av vegetasjon vil bli gjennomført av Avinor.</p> <p>Alle nye reguleringsplaner innenfor hensynssone H190_1 skal innarbeide høyderestriksjonene i form av egne hensynssoner på reguleringsplanene. Alternativt må det i nye reguleringsplaner angis bestemmelser med maksimal tillatt byggehøyde (mønehøyde) på bygninger og anlegg som ikke overstiger høyderestriksjonene i restriksjonsplanen ENFL-P-08 for lufthavnen.</p> <p>Dersom det skal benyttes byggekraner som bryter høyderestriksjonene i restriksjonsplanen, skal Avinor Florø lufthavn varsles på forhånd og godkjenne kranbruken.</p> <p>Alle søknader om etablering av nye bygninger og anlegg innenfor hensynssone H190_2, som gjennomtrenger byggerestriksjonsflater rundt flynavigasjonsanlegg ved Florø lufthavn vist med koter (røde streksymboler) på Avinors tegning ENFL-P-09, skal vurderes og godkjennes radioteknisk av Avinor."</p> <p>Innflygingslys – Frisikt</p> <p>Omsynssone H140 utafor lufthavnområdet ved innflygingslysene i østre baneende som sikrer fri sikt i forbindelse med innflyging til bane 25 (fra øst), jf. § 13-26 punkt 4 i overnevnte forskrift BSL E 3-2.</p> <p>Hensynssonen som trengs for frisikt rundt innflygingslys er vist i vedlegg 4 og den strekker seg ca. 25 meter øst for lufthavnområdet og 60 meter til hver side fra lysrekkens senterlinje.</p> <p>Tekst foreslått for føresegner:</p> <p>"Frisikt, restriksjonsområde rundt innflygingslysene</p> <p>Restriksjonsområde rundt innflygingslysene skal sikre at ingen objekter, med unntak av antenner for instrumentlandingssystem, skal gjennomtrengre et horisontalplan</p>	
--	--	---	--

gjennom innflygingslysene ut til 60 meter fra senterrekken sideveis, og som avsluttes 60 meter utenfor ytterste innflygingslys."

Farlig eller villedende belysning

Det er av stor betydning for Avinor at det ikke etableres farlig eller villedende belysning i nærheten av innflygingslysanleggene til lufthavnen, jf. § 13-3 i overnevnte forskrift BSL E 3-2. Det er særlig lys som på grunn av intensitet, utforming eller farge, som kan medføre en fare for flysikkerheten eller være villedende ved at de forhindrer eller vanskeliggjør riktig tolkning av flyplassbelysningen. Reklameskilt bør prosjekteres med dempere. Det er avgjørende at belysningen rettes mest mulig ned mot bakken.

Avinor vil at følgende generelle bestemmelse tas inn i bestemmelsene til arealdelen:

"Farlig eller villedende belysning ved Florø lufthavn

Avinor skal høres i forbindelse med søknad om tiltak som endrer lyssettingen rundt lufthavnen og som kan ha innvirkning på sikkerheten for lufttrafikken."

Flystøysoner

Gjeldende flystøysonkart for Florø lufthavn er for perioden 2013 – 2025 og beregnet av SINTEF, rapport A26681 datert 26.01.2015, jf. retningslinje T1442/2012 om behandling av støy i arealplanlegging. Flystøysonkartet følger som vedlegg 5.

Flystøysonkart viser hvilken støybelastning lufttrafikken er beregnet å ville påføre områdene rundt flyplassen. Hovedformålet med retningslinje T-1442/2012 er å gi kommunene grunnlag for å innarbeide flystøysonegrensene i sine kommune- og reguleringsplaner.

Flystøysonene må legges inn i kommunedelplanen som egne hensynssoner. Avinor foreslår at følgende tekst benyttes som bestemmelse til hensynssonene:

"Flystøysoner rundt Florø lufthavn

Innenfor rød støysone (H210) bør det ikke oppføres støyfølsom bebyggelse. Innenfor gul støysone (H220) kan ny støyfølsom bebyggelse vurderes dersom avbøtende tiltak gir tilfredsstillende støyforhold i henhold til retningslinje T-1442/2012 eller senere gjeldende retningslinje.

Ved søknad om byggetillatelse etter Plan- og bygningsloven innenfor hensynssonene, skal det utarbeides rapport med bygningstegninger og utomhusplan som viser

støyisolering/støyavskjerming i henhold til gjeldende retningslinjer og forskrifter. Nødvendige støyreducerende tiltak skal være gjennomført før ferdigattest kan gis."

Avinor bemerker at det innenfor gul flystøysone sjelden vil være mulig å overholde kravene til utendørs støy i henhold til grenseverdiene i Tabell 3 i retningslinjen da det er vanskelig å skjermte uteområder for støy som kommer ovenfra.

Anbefaling vedrørende omsynsone for støy er etter fagleg råd frå Avinor.

Andre forhold rundt lufthavnen

Avinor presiserer at i forbindelse med arealplanlegging rundt lufthavnen vil et viktig hensyn for å forhindre vindskjær og turbulens for flytrafikken være at større bygg eller anlegg ikke plasseres i nærområdene til rullebanen. Videre er det ønskelig at avfallsdeponier og avfallsanlegg plasseres minimum 5 km unna lufthavnen av hensyn til fare for kollisjon mellom luftfartøy og fugl (birdstrike).

Ny forskrift vedrørende modellfly/droner

Avinor gjør oppmerksom på ny forskrift om luftfartøy som ikke har fører om bord mv av 30.11.2015, hjemlet i luftfartsloven. Forskriften trådte ikraft fra 01.01.2016 og gjelder for all flyging med modellfly eller luftfartøy som ikke har fører om bord, såkalte droner. Avinor vil særlig nevne § 7 tredje ledd om at det ikke er tillatt å fly modellfly nærmere enn 5 km fra en lufthavn uten tillatelse fra lokal lufttrafikkteneste.

Dersom Flora kommune ikke innarbeider / følger opp punktene nedenfor i kommunedelplanen med tilhørende bestemmelser, vil Avinor senere vurdere å fremme en innsigelse til kommunedelplanen i medhold av Plan- og bygningsloven § 5-4:

-Avsette arealer til lufthavnformål (kode 2030), nevnt som arealer til fremtidig taksebane, hangarareal vest for dagens helikopterplattform og internveger m/grøfter, skrånninger inn på klimavernsone, jf. punkt 1.

-Avsette areal til utrykningsveg (PV2) med møteplasser og snuplasser, jf. punkt 2.

-Etablere hensynssoner for restriksjonsplanen (H190_1) og byggerestriksjonskartet for flynavigasjonsanleggene (H190_2) med tilhørende bestemmelser, jf. punkt 3.

			<p>-Ta inn generell bestemmelse om frisikt, restriksjonsområde rundt innflygingslys, jf. punkt 4.</p> <p>-Ta inn generell bestemmelse om farlig eller villedende belysning, jf. punkt 5.</p>	
--	--	--	--	--